


792



DET NORSKE TEATRET

PROGRAM
HAUSTEN 2013


KJÆRE PUBLIKUM

Det Norske Teatret er 100 år, og i hundre år har teatret vore ein aktiv representant for motkulturen i Noreg. I dag demonstrerer ikkje folk i tusental mot teatrets eksistens slik dei gjorde i 1913. I dag besøker rundt 200.000 menneske oss kvart år. Likevel er det slik at Det Norske Teatret identifiserer seg med minoritetenes kamp for å bli sett, og høyrte. Kampen for nynorsken, og for at det nye Noreg skal ha ein arena pregar framleis teatrets tenking. Med eit variert repertoar, dyktige scenekunstnarar og ein klar språkpolitikk, har Det Norske Teatret flytta norsk scenekunst framover. Denne posisjonen skal vi ta vare på gjennom å halde på motet som grunnleggjarane i si tid synte. Motet er kanskje det viktigaste vi har. Det Norske Teatret er eit ambisiøst og stolt prosjekt som har vakse seg stort og som gjennom hundre år har bygd seg opp til å bli ein sterk og særprega sceneinstitusjon.

Eg ønskjer velkommen til nok ein modig sesong i teatrets historie. Vi har noko for alle. Det er ikkje ein påstand, eg vågar å seie at det er sanninga. Det er smalt, breitt, musikalsk, eksperimentelt, nytt, klassisk, folkeleg, morosamt, vedmodig, tøft, brutalt og hysterisk teater. Vi har noko for aldersgruppa 0 til – ja – i alle fall 100. Og 100 år skal bli feira!

Vel møtt!

Erik Ulfsby, teatersjef



UTGJEVAR

Det Norske Teatret, Erik Ulfsby

REDAKSJON

Ida Michaelsen, Åsne Dahl Torp, Tone T. Lindquist,
Kirsti Ervik og Monica Hammervold

Med atterhald om endringar.

FOTO

Marcel Leliënhof, Gisle Bjørneby, Sigurd Fandango, Leif Gabrielsen,
Siren Høyland, Dag Jenssen og Fin Serck-Hanssen

ILLUSTRASJON

Unni Walstad og Making Waves

DESIGN

Making Waves

100 ÅR OG LIKE STRI!

INVITASJON TIL BURSDEGSFEST


I 2013 feirar vi at det er 100 år
sidan Det Norske Teatret hadde
si første framsyning

6. OKTOBER KL. 12.00 – 18.00

Den offisielle opninga av Det Norske Teatret i hovudstaden var 6. oktober 1913, med Hulda Garborg i spissen og Arne Garborgs nyomsette *Jeppe på Berget* på scenen. Hundre år seinare, 6. oktober 2013, inviterer vi til folkefest og storstilt feiring med ope hus og utescene. DU er invitert!

Vi inviterer til gratis framsyningar, gatemarknad, kostymesal og mykje meir!

Følg med på www.detnorsketeatret.no for meir informasjon om dagens program.



REGI: PHILIP TIEDEMANN
MED: FRANK KJOSÅS, BJØRN SKAGESTAD,
SIGVE BØE M.FL.

PREMIERE 6. SEPTEMBER PÅ SCENE 2

BILLETTAR

Ord. kr 310 | ungdomskort kr 85 | rabattar

MEIN KAMPF

AV GEORGE TABORI
OMSETJING: RAGNAR HOVLAND

CHAPLIN-INSPIRERT KOMEDIE
OM DIKTATORENS TID SOM
KUNSTNARSPIRE I WIEN

Regissør Philip Tiedemann var sist på Det Norske Teatret med den kritikkaroste framsyninga *Det gode mennesket frå Sezuan*. No er han og det tyske teamet attende med ein farse som tek for seg det underlege vennskskapsforholdet mellom den hypokondriske og jødehatande Hitler og den jødiske bokhandlaren Herzl.

Kan ein le av det grufulle? Kan ein more seg over ein mann som har gjort så mykje vondt? Sjølv meiner den jødiske dramatikaren Tabori stykket har ein alvorleg bodskap om kjærleik, tilgjeving og forlating.

FAUST

AV JOHANN WOLFGANG VON GOETHE
I EIN VERSJON AV JON FOSSE

EIRIK STUBØ ER TILBAKE MED EIN NY KLASSIKAR!

Faust er eit viktig stykke, men kvifor? Dette spør regissør Eirik Stubø seg. Han er klar for ei ny utfordring på Scene 2 etter den formidable suksessen med *Sorga kler Elektra*. Denne gongen inviterer han publikum til å bli med på Fausts leiting etter det sanne.


Kort fortalt sel *Faust* sjela si til Djevelen for å skaffe seg alt han trår etter: makt, kunnskap, ungdom, erotikk og rikdom. Forteljinga om vitskapsmannen Dr. Faustus er ei gammal tysk forteljing frå 1500-talet, og ho har blitt brukt av ulike forfattarar sidan då. Den som er mest kjend for å ha nytta seg av denne myten i diktinga si, er Johann Wolfgang von Goethe. I Goethes versjon står Gretchen-historia og kjærleiken sentralt.

REGI: EIRIK STUBØ
MED: M.A. LASSE KOLSRUD SOM FAUST
OG SVEIN TINDBERG SOM MEFISTO

PREMIERE 18. OKTOBER PÅ SCENE 2

BILLETTAR

Ord. 310 | ungdomskort 85 | rabattar



SHOCK HEADED PETER

EIN MUSIKAL AV JULIAN CROUCH
OG PHELIM MCDERMOTT
ORIGINALMUSIKK: THE TIGER LILLIES
OMSETJING: ARE KALVØ

**10 GODE GRUNNAR
TIL IKKJE Å FÅ BARN!**

REGI: ERIK ULFSBY
I HOVUDROLLENE: ESPEN BERANEK HOLM
OG VIDAR MAGNUSSEN

NOREGSPREMIERE 30. AUGUST
PÅ HOVUDSCENEN

BILLETTAR


Ord. kr 450 | ungdomskort kr 85 | rabattar

Shockheaded Peter hadde premiere i England i 1998, og blei raskt ein internasjonal suksess. I ei tid der infantiliseringa av samfunnet kanskje har gått vel langt, blir *Shockheaded Peter* eit herleg ukorrekt pusterom. Her er det enkelt: Foreldre åtvarar barn om konsekvensane av å vere uskikkeleg, barn lar vere å høyre på foreldra og foreldra får sjølv sagt rett. Resultatet er brutalt i den vittige ferda mot den endelege og nådelause straffa. Den originale tyske barneboka Struwwelpeter møter her den britiske nonsens-tradisjonen, og kombinasjonen gjer *Shockheaded Peter* til ei kvikk blanding av sanningar, grufullheiter og vidd.

Shockheaded Peter overskrid musikalen som sjanger. Musikken er stilfull og skranglete, ein miks av sirkus og kabaret. Bandets frontmann på scenen er Espen Beranek Holm. I spissen for eit sterkt ensemble loser Vidar Magnussen oss gjennom villskapen i rolla som seremonimeister.

Det er morosamt, skakt, framand og likevel kjent. Bli med til *Shockheaded Peters* univers der både straffa og ulydnaden (eventuelt trassen) blir feira!

Eit pusterom og ein terapitime for vaksne!



**«You'd be a fool to miss
this show» THE INDEPENDENT**

**«Truly fearsome and really
ridiculous» THE NEW YORK TIMES**

Tonje Glimmerdal

AV MARIA PARR
DRAMATISERT AV IVAR TINDBERG

**DEN NORSKE PIPPI – TONJE GLIMMERDAL
– TAR SPRINGFART OG LANDAR PÅ
DET NORSKE TEATRETS HOVUDSCENE 2. OKTOBER!**

Dei fleste barn har allereie eit forhold til *Vaffelhjarte*, og dette er teaterstykket basert på den kritikarroste og prislønna forfattaren Maria Parrs andre barneunivers. Vi skal til Glimmerdalen; her er latter, drama, tårer og musikk – mykje å gle seg til for både store og små.

Forfattaren Maria Parr blir kalla norsk barnelitteraturs nye superstjerne. Ho har blitt samanlikna med både Astrid Lindgren og Johanna Spyri, forfattaren bak Heidi. Maria Parrs viltre, bestemte og eventyrlystne heltinne Tonje har tatt Noreg med storm. Ho er 10 år, har raude løvekrøller og lever etter mottoet «fart og sjølvtilit».

Passar frå 5 år

**Kritikarprisen, Teskjekjerringprisen, Nynorsk
barnelitteraturpris og Brageprisen for beste barne-
og ungdomsbok da boka kom ut i 2009!**

«2010s beste barnebok i Tyskland» DIE ZEIT

REGI: IVAR TINDBERG
I HOVUDROLLENE:
HEIDI RUUD ELLINGSEN OG NILS SLETTA

URPREMIERE 2. OKTOBER
PÅ HOVUDSCENEN

BILLETTAR

Ord 250, same pris vaksen og barn



HØGT OPPE I FJELLET

AV HANNE DIESERUD OG CHRISTINA LINDGREN

BABYTEATER 0-3 ÅR

Gjennom ein musikalsk leik med lydar og rørsle blir dei minste tatt med på ei eventyr-reise til ei forunderleg og rar lita verd.

Med munnharpe og song blir små og store lokka inn i eit stort telt i foajeen der dei treffer på ein forteljar frå fjerne strok. På vegen møter vi dyr og høyrer fossen bruse. Framsyninga blir spela på dagtid kl. 11 og 13 og er for barn i aldersgruppa 0-3 år. Det heile varar i 20 minutt; etterpå blir det tid til leik i teltet.

KONSEPT/REGI: HANNE DIESERUD
OG CHRISTINA LINDGREN
KOMPOSISJON OG KLANGREGI:
MAJA SOLVEIG KJELSTRUP RATKJE
MED: HANNE DIESERUD

BLIR SPELT 20. AUGUST – 7. SEPTEMBER

BILLETTAR

Ord. 100, same pris vaksen og barn

EIN GOD DAG

kjem aldri for tidleg

UTVALDE TEKSTAR

I SAMARBEID MED SOGN OG FJORDANE TEATER OG HORDALAND TEATER



REGI: INGRID WEME NILSEN
MED: SIREN JØRGENSEN, RANDOLF
WALDERHAAUG OG KATRINE LUNDE
MACKENZIE

OSLOPREMIERE 10. OKTOBER PÅ SCENE 3

BILLETTAR

Ord. 250 | ungdomskort 85

EIN LEIKEN CABARET – FRÅ IVAR AASEN TIL ODD NORDSTOGA

Humoristiske, musikalske og lyriske perler frå mellom andre Ivar Aasen, Valkyrien Allstars, Stein Torleif Bjella, Bjørn Eidsvåg, Kjartan Fløgstad og Marie Takvam.

Poesi, rap, viser, dikt, folkesongar og ein del gammal skit blir pussa støv av og sett til å skine. *Ein god dag* kjem aldri for tidleg er framsyninga som samlar ei broka forsamling nynorske poetar, visesongarar og forfattarar på same brettet og som med ein god dose humor kjeklar seg gjennom ei rik samling litterære perler.

OKSE OG ESEL

– ei juleforteljing

AV NORBERT EBEL

OMSETJING: CARL MORTEN AMUNDSEN

HUMORISTISK OG POETISK FOR BARN – MED EIN
VARM BODSKAP OM OMSORG OG KJÆRLEIK

Det er julaftan. Okse finn noko i matfatet sitt. Det ligg eit lite barn i krybba hans. Kven er det som har lagt det der? Okse vil ikkje ha det der. Han vil bli kvitt det. Esel, som bur i same stall som Okse, forbarmar seg over det vesle vesenet. – For det kan jo hende at det er Jesus-barnet?

Norbert Ebel har skrive ei annleis juleforteljing. Det både er og ikkje er historia frå juleevangeliet.

Passar frå 4 år

REGI: KIM SØRENSEN
MED: MORTEN SVARTVEIT
OG SIGURD MYHRE

PREMIERE 16. NOVEMBER PÅ SCENE 2

BILLETTAR

Ord 200, same pris vaksen og barn

BIKUBESONG

AV FRODE GRYTEN
DRAMATISERT AV LASSE KOLSRUD
I SAMARBEID MED RIKSTEATRET

EKSTRA EKSTRAFRAMSYNINGAR

Siste sjanse til å sjå karakterane frå Murboligen og Smeltaren i Frode Gryttens prisløna *Bikubesong*. I jubileumsåret 2013 har Det Norske Teatret i samarbeid med Riksteatret bestemt seg for å pusse støvet av ein av dei største suksessane nokosinne i Scene 2s historie. Etter ein runde med ekstraframsyningar i april og mai, skal *Bikubesong* på turné med Riksteatret, for så å avslutte på Det Norske Teatret.

«en forestilling til å bli glad, ja, nærmest lykkelig av» VG



«Fabelaktig Bikubesong» DAGBLADET

«Summer av humor og varme» AFTENPOSTEN

REGI: LASSE KOLSRUD
I HOVDROLLA: HANS RØNNINGEN

EKSTRAFRAMSYNINGAR PÅ
HOVDSCENEN I OKTOBER
OG NOVEMBER

BILLETTAR

Ord. kr 390 | ungdomskort kr 85 | rabattar



EvigUng


AV ERIK GEDEON
OMSETJING: MARIT TUSVIK

DEN GERIATRISKE GALSskapEN SLEPP IKKJE HOVDSCENEN!

For femte året på rad er gamlingane like rebelske og fulle av livsmot – trass sviktande helse og skrantande minne.

Vi skal til ein gamleheim som ikkje er som alle andre – eller er den kanskje det?

«shownumre i toppklasse» VG



«helsefarlig morsomt» AFTENPOSTEN

REGI: ERIK GEDEON
MED: CHARLOTTE FROGNER, THOMAS BYE,
HALLVARD HOLMEN M. FL.

EKSTRAFRAMSYNINGAR PÅ
HOVDSCENEN I OKT., NOV. OG DES.

BILLETTAR
ord 475 | ungdomskort 85 | rabattar

KVEN SKAL LÆRE HAN IVAR Å LESA?

AV OG MED RUT TELLEFSEN

EI BURSDAGSGÅVE TIL IVAR AASEN

Rut Tellefsen har hatt eit rikt teaterliv ved fleire av landets store teater, deriblant Det Norske Teatret og Nationaltheatret. I framsyninga *Kven skal lære han Ivar å lesa*, tek ho utgangspunkt i den siste setninga mor hans skal ha sagt før ho døydde.

- Det heile er meint som ei gåve til Det jubilerande Norske Teatret der eg trødde mine barnesko som skodespelar – og som ei gåve til Ivar Aasen i høve 200-årsdagen, eit edelt menneske og ein stor språkforskar, seier Rut Tellefsen.

BLIR SPELT 28. AUG. KL 17.30 OG
16. OKT. KL. 13.00 PÅ SCENE 3

BILLETTAR

Ord. 200 | ungdomskort 85

DET NORMALE LIVET

AV CHRISTIAN LOLLIKE

OMSETJING: KRISTIN AUESTAD DANIELSEN

EIN KRITISK KOMEDIE OM VÅR TIDS JAG ETTER Å VERE «NORMAL»

REGI: PETTER NÆSS

MED: ANE DAHL TORP, HEIDI GJERMUNDSEN
BROCH OG JOACHIM RAFAELSEN

NOREGSPREMIERE 12. SEPTEMBER
PÅ SCENE 3

BILLETTAR

Ord. kr 200 | ungdomskort kr 85

Den omdiskuterte og prisløna dramatikaren Christian Lollike har skrive ein kritisk komedie om vår tids jag etter å vere «normal». I stykket gir tre karakterar oss ein hyllest til livsgleda og dei uendelege moglegheitene vi har i dagens samfunn. Men så oppdagar ein av personane at ho kjenner seg overvaka og kontrollert av eit «innerstasi» – eit slags indre kontrollsystem som syter for at vi ter oss «normalt». Dersom ho ikkje gjer det som krevst av henne, vil innerstasi melde henne.

HAUGTUSSA

AV ARNE GARBORG

INTENST OG LYRISK OM KJÆRLEIK OG LENGT

Ane Dahl Torp har tatt for seg Arne Garborgs store og medrivande diktsyklus om *Haugtussa*. Ho har klypt og limt i teksten, og no vil ho kaste nytt lys over den mystiske og synske Veslemøy, i samspel med ektemann, komponist og trompetist Sjur Miljeteig.

Haugtussa handlar om det undermedvitne, driftene og villskapen i menneskesinnet. Veslemøy blir oppsøkt av den avdøde søstera si. Ho fortel at Veslemøy har ein tung veg framfor seg – for ho er synsk, og dømd til å sjå det andre ikkje ser.

Haugtussa frå 1895 er eit lyrisk, nyromantisk hovudverk i norsk litteratur. Veslemøy har fascinert kunstnarar i over hundre år. Mellom tidlegare kunstnarar som har late seg inspirere, er Edvard Grieg, Håkon Bleken og Ketil Bjørnstad.

REGI: ERIK ULFSBY
MED: ANE DAHL TORP OG SJUR MILJETEIG

PREMIERE 14. NOVEMBER PÅ SCENE 3

BILLETTAR

Ord. 200 | ungdomskort 85

FUCK MY LIFE

AV PER-OLAV SØRENSEN
OG POL HEYVAERT

EKSTRAFRAMSYNINGAR

Regissør Per-Olav Sørensen har samla ei gruppe tenåringer frå Oslo som gjennom sine egne historier gir eit gripande, humoristisk og brutalt innblikk i å vere ung i Oslo i dag. *FUCK MY LIFE* har gått for fulle hus sidan noregspremieren i fjor og kjem no med fire ekstraframsyningar i september og oktober.

«Fine «Fuck My Life» er tidsånd på tube» DAGBLADET

FEM ÅRSTIDER

AV MARIA TRYTI VENNERØD

MED SNERT OG INNSIKT KOMMENTERER DRAMATIKAR MARIA TRYTI VENNERØD LIVET OG TIDA VI LEVER I

Fem årstider tar mål av seg å kommentere samtida. Ambisjonen til dramatikaren Maria Tryti Vennerød er det ikkje noko å seie på. Ho har skriva seg gjennom heile 2013 og har på eigen blogg publisert tekster der ho vinklar ulike nasjonale og internasjonale hendingar som har funne stad dette året. Nokre av tekstane har blitt spelt for publikum på uvante scener som Youngstorget,

Botanisk Hage og Sola Flyplass. Denne hausten vil nok eit stunt finne stad 14. oktober. Regissør Maren E. Bjørseth syr det heile saman til framsyninga *Fem årstider* med premiere den 21. november på Scene 3.

Les meir på www.femarstider.no

REGI: PER-OLAV SØRENSEN

EKSTRAFRAMSYNINGAR I SEPTEMBER
OG OKTOBER PÅ SCENE 3

BILLETTAR

Ord. kr 200 | ungdomskort kr 85

REGI: MAREN E. BJØRSETH

MED: INGUNN BEATE ØYEN, JON BLEIKLIE
DEVIK OG HEIDI GJERMUNDSEN BROCH

URPREMIERE 21. NOVEMBER PÅ SCENE 3

BILLETTAR

ord. 200 | ungdomskort 85

STORT OG STYGT

AV OLAUG NILSSEN

EKSTRAFRAMSYNINGAR

På bestilling frå Det Norske Teatret, har Olaug Nilssen skrive meisterleg om småbarnstilveret med eit alvor og ein humor som er lett å kjenne igjen for alle som er eller skal bli foreldre. *Stort og stygt* har gått for fulle hus sidan urpremieren 1. mars og kjem no med fem ekstraframsyningar.

«Strålende spill» AFTENPOSTEN

REGI: MARIT MOUM AUNE
MED: ELLEN DORRIT PETERSEN, MARIE
BLOKHUS, NIKLAS GUNDERSEN, OLA G.
FURUSETH OG PÅL CHRISTIAN EGGEN

FEM SISTE EKSTRAFRAMSYNINGAR
I SEPTEMBER PÅ SCENE 2

BILLETTAR

ord. kr 310 | ungdomskort kr 85 | rabattar

ABRAHAM'S BARN

AV OG MED SVEIN TINDBERG
OMSETJING AV UTVALDE TEKSTAR VED OLA E. BØ

SETT AV OVER 75.000!

Etter ein omfattande noregsturné som fekk varm mottaking, held Svein Tindberg enno fram her på Det Norske Teatret. I *Abrahams barn* gjer han over tusen år gamle tekstar meir levande og aktuelle enn nokon gong.

Heddaprisen for årets
teaterframsyning 2012!

«En drivende god
forteller» VG

REGI: KJETIL BANG-HANSEN

PÅ HOVUDSCENEN I SEPTEMBER
OG OKTOBER

BILLETTAR

Ord. 390 | ungdomskort 85 | rabattar

BIKUBEKVELD

På utvalde fredagar kl. 22.30 inviterer vi til musikalsk kveldssete på kafe-scena vår. Bikuben opnar for teaterkonsertar, gjestespel, nachspiel med ensemblet frå framsyningane og mykje anna moro. Open bar.

Billettpris kr 100.

Sjå nettsidene våre for haustens program.

SVOLTEN OG TØRST

Det Norske Teatret byr på ein unik kombinasjon av areal, opplevingar og ikkje minst bevertning. Restaurant Kafe Løve står for eit fleksibelt og variert serverings-tilbod av høg kvalitet.

Dei byr på ein rikhaldig lunsj- og middagsmeny, og skreddarsyr meny til grupper og arrangement. I foajebaren kan de møtast til eit glas champagne før framsyninga. Du kan òg tinge forfriskingar til pausen i framsyningane.

Bestill bord på tlf. 22 47 39 70 eller e-post post@kafelove.no.



SELSKAP OG TEATER

Det Norske Teatret ønskjer velkommen til flotte lokale, midt i Oslo sentrum. Med store foajeområde, er huset godt eigna for alle typar arrangement som til dømes kick-off, konferanse, julebord, sommarfest, VIP-middag, jubileum, teaterkveld, frukostmøte, prisutdeling og pressekonferanse.

BILLETTBESTILLING

Kjøp billett på www.detnorsketeatret.no
eller på tlf. 22 42 43 44.

OPNINGSTIDER BILLETTLUKA

Telefon: mån. 10-17, tys.-fre. 10-19 og laur. 11-17.
Ekspedering i foajeen: mån.-laur. frå kl. 11.
Opningstidene varierer.
Sjå nettsida vår for meir informasjon.

GI EI TEATERGÅVE

Gi ei gåve ingen har frå før – ei teateroppleving!
Du kan sjølv velje beløp og bestille på nettsida
vår eller i billettluke.

NYHEITSBREV MED TEATEROPPLEVINGAR

Meld deg på vårt nyheitsbrev og lik oss på Facebook.
Da får du mellom anna gode teatertilbod og invitasjonar
til arrangement, og ikkje minst ein titt inn i kva som
skjer bak scenen i det store teaterhuset vårt.

PARKERING

Leitar du etter parkering når du skal i teatret?
Næraste parkeringshus er Sentrum P-hus, innkøyring
ved Munchs gate og Hammersborgtunellen (Ring 1).
Parkering for funksjonshemma vis-à-vis Nasjonalgalleriet
i Universitetsgata.



UNGDOMSKORTET

Mellom 15 og 25 år? Bli medlem av Ungdomskortet!
Få teaterbilletter til kr 85 på alle scenane og sjansen
til å oppleve teatret på nye måtar gjennom eigne tilbod
og konkurransar!

Gratis medlemskap: www.detnorsketeatret.no/ung

DET NORSKE TEATRET

100
AR

HAUSTEN PÅ DET NORSKE TEATRET

SHOCKHEADED PETER

MEIN KAMPF

DET NORMALE LIVET

TONJE GLIMMERDAL

FAUST

EIN GOD DAG...

OKSE OG ESEL

FEM ÅRSTIDER

EVIG UNG

FUCK MY LIFE

HAUGTUSSA

KVEN SKAL LÆRE HAN IVAR Å LESA?

ABRAHAMS BARN

BIKUBESONG

HØGT OPPE I FJELLET


STORT OG STYGT


BILLETTAR


www.detnorsketeatret.no

eller på tlf. 22 42 43 44

FØLG OSS

 facebook.com/detnorsketeatret

 [@detnorsketeatre](https://twitter.com/detnorsketeatre)

 detnorsketeatret.no

